

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 01.02.2007
Sakhandsamar: Anne May S. Sønstabø
Saka gjeld: **Definering av grenseverdier i styrerapporteringa**

Arkivsak 0
2006/610/

Saksnr	Utval	Møtedato
	Styret for Helse Vest RHF	14.02.2007

Bakgrunn:

Ny mal for rapportering til styret i Helse Vest har vore i bruk frå og med august rapporteringa i 2006. Omlegginga av styrerapporteringa har gått i retning av meir heilskapeleg rapportering, der både fag, økonomi, medarbeidarar og omdømme er ein del av rapporteringa.

Styret i Helse Vest har bedt om at grenseverdiane knytt til dei ulike måleparametra blir vurdert, og at dette blir tatt inn i styringsdokumenta til helseføretaka.

I tillegg til grenseverdier vil administrasjonen i løpet av 2007 vurdere bruken av trendpilar i styrerapporteringa. Trendpilene vil gje styret ein ytterlegare moglegheit for meir målretta styring. Dersom ein indikator t.d. er gul, men trendpila viser at utviklinga går i feil retning er det grunn til å ha fokus på indikatoren. Viser derimot trendpila at utviklinga er positiv kan ein heller velje å konsentrere innsatsen om andre indikatorar.

Denne saka omhandlar administrasjonen sitt forslag til målsetjingar og grenseverdier for 2007. I sjølve saka er indikatorane for hhv. fag-, økonomi- og personalområdet omtala generelt medan dei konkrete forslaga til målsetjingar og grenseverdier er lagt i eit vedlegg som følgjer saka.

Kommentarar:

1. Indikatorar innan fagområdet

I den nye styrerapporten som no er tatt i bruk blir det presentert ei lang rekke fagspesifikke styringsindikatorar. Dei forskjellige indikatorane er kategorisert enten som ein aktivitetsindikator eller som ein kvalitetsindikator, og innanfor desse to kategoriane er det igjen laga fagspesifikke styringskort for tverrfaglig behandling av rusmiddelmissbrukarar, psykisk helse for vaksne, psykisk helse for barn og somatikk. Alt i alt gir dette åtte ulike styringskort, som igjen består av fleire styringsindikatorar.

For å kunne setje målsetjingar og grenseverdier for samtlege måleindikatorar i styrerapporten krevst det ein brei dialog med helseføretaka. Denne dialogen vil bli gjennomført av fagavdelinga i 2007. I

styringsdokumentet for 2007 vil det difor kun vera målsettingar knytt opp mot dei nasjonale kvalitetsindikatorane som vil inngå med grenseverdier i styringsdokumenta.

Ein del av dei øvrige styringsindikatorane som blir presentert i styrerapporten er basert på nasjonale kvalitetsindikatorar, der det på førehand er gitt kva som er dei nasjonale målsettingane for måloppnåing. For desse indikatorane er det difor gitt kva for verdier helseføretaka må arbeide mot, då vi ikkje kan ha mål internt i Helse Vest RHF som avvik frå dei nasjonale målsettingane.

2. Indikatorar innan økonomiområdet

Innan økonomiområdet er det lagt inn grenseverdier for alle indikatorane. Grenseverdiene har i 2006 vore knytt opp mot absolutte tal. Når styrerapporten no skal distribuerast til alle helseføretaka, er det meir hensiktsmessig å knyte opp grenseverdiene mot avvik i prosent. Ved eit prosentavvik på 0,5 % blir indikatorane raude. Med ei omsetning på ca. kr 15 mrd er det vanskeleg å treffe 100 % på budsjettet. Det er difor lagt inn ein akseptansmargin på 0,5 %. Sett i kroner er likevel beløpa store og det kan difor vanskeleg forsvarast å setja marginen større.

3. Indikatorar innan personalområdet

Innan personalområdet ligg det for 2006 inne målsettingar og grenseverdier på dei indikatorane som inngår i styrerapporten. Det er tatt ein gjennomgang av desse og nokre av målsettingane og grenseverdiene er endra. Mellom anna gjeld dette måleindikatoren "sjukefråvær". Her er målsettinga endra frå 3,5 % til 4,5 %. Dette måltalet ligg likevel vesentleg under gjennomsnittet for heile spesialisthelsetenesta og er ei målsetting som gjer at ein kan samanlikne seg med andre bransjar.

Innan personalområdet er måling av indikatoren "netto månadsverk" sentral. For kvart helseføretak skal det setjast eit måltal for kor mange netto månadsverk ein skal ha i drifta. Det er behov for å forankre dette talet betre ut mot styra i dei einskilde helseføretaka før ein set i gang målinga av indikatoren. Administrasjonen ventar at dette vil vere på plass i løpet av første tertial og at målinga av indikatoren kan ta til etter dette.

Forslag til vedtak:

Styret tar forslaga til målsettingar og grenseverdier slik dei går fram av vedlegget til saka til etterretning, og ber om at desse blir lagt inn i styringsdokumenta til dei einskilde helseføretaka for 2007.